



Førde kommune



*Temaplan for trafikktryggleik*  
2015 - 2016

[www.forde.kommune.no](http://www.forde.kommune.no)



---

<b>Innholdsliste:</b>	<b>Side</b>
<b>1. Bakgrunn</b>	
1.1 Historikk	2
1.2 Overordna ansvar	2
1.3 Føremål	2
1.4 Søknad om tilskot	2
<b>2. Status og utfordringar</b>	
2.1 Kva har vi gjort	3
2.2 Kva må vi ta høgde for	3
<b>3. Mål og tiltak</b>	
3.1 Overordna mål	4
3.2 Overordna planstrategiar	4
3.3 Drift og vedlikehald	5
3.4 Haldningsskapande arbeid	6
3.5 Prioriterte tiltak	6
<b>4. Handlingsplan</b>	
4.1 Generelt	6
4.2 Prioriterte tiltak i planperioden	7
4.3 Uprioriterte tiltak	8
<b>5. Revisjonar</b>	
5.1 Sist revidert	10

## 1. Bakgrunn

### 1.1 Historikk

I 2000 vart kommunane oppmoda om å utarbeide kommunale trafikktryggleiksplanar. Frå 2001 vart kommunale trafikktryggleiksplanar ein føresetnad for tildeling av trafikktryggleiksmidlar.

Førde kommune vedtok sin første trafikktryggleiksplan i november 2005, og har sidan gjennomført årleg rullering av planen. Frå og med 2013, skal planen rullerast annakvart år, for å følgje planstrategiperioden 2013 – 2016.

### 1.2 Overordna ansvar

Kommunen sitt ansvar for trafikktryggleik, er knytt til til fleire roller og ansvarsområde.

- Som eigar og brukar av skular og barnehagar
  - o opplæringslova
  - o læreplan for grunnskulen
  - o kompetansemåla i Kunnskapsløftet.
- Som overordna ansvarleg for helsevern og helsetenester i kommunane
  - o lov om helsetenester
  - o plan- og bygningsloven, ansvar for samordna samfunnsplanlegging
  - o internkontrollforskriften
- Som arbeidsgiver og forbruker/kjøper av transporttjenester.
  - o arbeidsmiljøloven
  - o lov og forskrift om offentlege innkjøp
  - o internkontrollforskriften

### 1.3 Føremål

Førde kommune si målsetjing er å ha ei systematisk og oppdatert oversikt over viktige og prioriterte trafikktryggleikstiltak, som ein del av årleg rullering av økonomiplanen, og samstundes ei uprioritert oversikt over alle aktuelle tiltak, som ein del av overordna plantema.

Planen skal peike på dei omsyn som er nødvendige i overordna planar, for å sikre fysisk og formelt tiltaksgrunnlag for gjennomføring av planen.

Planen skal vere kort, oversiktleg, og lett å bruke, og skal tilfredsstillе Statens Vegvesen sine krav til dokumentasjon i samband med søknad om tilskot.

### 1.4 Søknad om tilskot

Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver årleg midlar til trafikktryggleikstiltak gjennom tilskotsordninga «Aksjon skuleveg». Tilskotsmidlane vert primært nytta til tiltak på skuleveg eller ved skule.

Søknad om tilskot til Aksjon skuleveg skal være Statens vegvesen i hende innan fastsett frist, som regel medio desember.

## 2. Status og utfordringar

### 2.1 Kva har vi gjort

Førde kommune har tidlegare motteke tilskot til trafikktryggleiksarbeid, med bakgrunn i gjeldande trafikktryggleiksplan.

År	Tiltak	Tilskot kr.
2005	Utarbeiding av trafikktryggleiksplan	60.000
2006	Trafikktryggleiksplanarbeid Halbrend skule/ barnehage	60.000
2007	Gatelys, Bergum/Strandavegen – Haugum barnehage	237.000
2008	Snuplass for buss, Holsen skule	358.000
2009	Fortau/gangveg Vie - Vieåsen	0
2010	Trafikkavvikling Halbrend skule	600.000
2011	Vegkryss Angedalsvegen - Kyrkjevegen	420.000
2012	Separering av gang-, sykkel- og biltrafikk ved Førde Barneskule	150.000, trekt attende
2013	Gatelys Hundvebakke og fortau Førde barneskule	480.000
2014	Rekkverk gangveg Fossebrua	210.000

### 2.2 Kva må vi ta høgde for

Førde er ein by i vekst, og ein by med mål om vidare vekst. Førde har som uttrykt visjon, å vere ei drivkraft med menneske i sentrum. Førde er også utpeika til å vere nasjonal sykkelby.

Denne målsetjinga gir oss klare overordna utfordringar;

- ✓ Arealdisponering som gir funksjonell og effektiv infrastruktur
- ✓ Utbygging av trygt og effektivt gate- og vegnett i og rundt Førde sentrum
- ✓ Utforming og lokalisering av tilknytning til innfartsvegane til Førde
- ✓ Lokalisering av tilknytning til E39
- ✓ Utbygging av gjennomgåande nett av gang- og sykkelveg

Veksten i Førde er eit planlagt resultat av fleire års arbeid. Det er ein del av vår felles identitet som by. Etterkvart som dei ulike bustad- og næringsområda i Førde vert eldre, og nye område vert inkludert og bygt ut, endrar dette trafikkmønsteret i Førde sentrum og på tilkomstvegane inn til Førde.

Sykelbyen Førde er vedteken strategi i Kommunedelplan for klima og miljø. Og som ein del av Førdepakken, er ulike alternativ for gang og sykkelveg under utgreiing.

Planane for Hafstad bydel, med utbygging av nye idrettsanlegg, legg også avgjerande føringar for framtidig trafikkmønster i Førde.

Likeins vil utbygging av ny E 39 legge føringar for trafikkmønsteret.

Klimaendringar vil medføre endra fysiske tilhøve i Førde, spesielt med auka overvassmengder. Dette vil stille strengare krav til utforming og dimensjonering av byggegrunn og infrastruktur.

Trafikktryggleik vil krevje større fokus på risikovurdering både av eksisterande og planlagd vegnett. Denne situasjonen medfører behov for langsiktig planlegging, for å legge til rette for nødvendig framtidig trafikkapasitet.

## 06 Mål og tiltak

### 3.1 Overordna mål

Grunnlaget for alt trafikktryggleiksarbeid i Førde er nullvisjonen – at det ikkje skal førekome ulukker med drepne eller livsvarig skadde i trafikken. Trafikantane og styresmaktene har eit delt ansvar for trafikktryggleiken. I denne planen stiller vi opp følgjande hovudmål;

- Det skal ikkje førekome ulukker der fotgjengarar og syklistar er innblanda
- Barnehage- og skulevegar skal vere trygge, både for gåande og syklande
- Fortau og gangvegar skal haldast fri for motorkøyrety
- Førde kommune skal ivareta si rolle som nasjonal sykkelby
- Vi vil prioritere miljøvenleg transport og kommunikasjon

### 3.2 Overordna planstrategiar

Trafikk og trafikktryggleik skal vere tema og i fokus i arbeidet med kommunale arealplanar.

- A. Oppnå funksjonell og trygg trafikksamverknad mellom bustadområde, næringsområde, offentlege område, og natur- og friluftsområde.
  - Redusere naturleg reiseavstand
  - Unngå flaskehalsar, søkje utjamning
  - Unngå konflikter med mjuke trafikkantar
- B. Dei einskilde vegane skal utformast slik at risikonivået vert lågast råd. Trafikksystemet skal vere enkelt og oversiktleg for alle.
  - Hindre gjennomgangstrafikk på tilkomstvegar
  - Vektlegge universell utforming
  - Styre trafikken til vegar med lågast risiko
  - Separere gåande og syklande frå øvrig trafikk
  - Innføre rekkjefølgjekrav i reguleringsplanar
- C. Ta særleg omsyn til mjuke trafikkantar
  - Samarbeide med Statens vegvesen
  - Bygge og utbetre gang- og sykkelvegar, særleg barnehage- og skulevegar
- D. Minske trafikken på samle- og tilkomstvegar
  - Hindre gjennomkøyring, styre trafikken til eigna vegar, med naudsynt omsyn til trafikkavvikling, renovasjon og brøyting
  - Etablere fartsdempande tiltak
- E. Utbetring av eksisterande vegnett
  - Utbetre risikopunkt
  - Knyte saman eksisterande gang- og sykkelvegnett
- F. Utarbeide klare retningslinjer for fartsgrenser og bruksgrenser for kommunale vegar, med prioritert omsyn til tryggleik og funksjonalitet.

### 3.3 Drift og vedlikehald

- A. Trafikktryggleik og framkomst skal ha høg prioritet
  - Siktrydding langs vegane og særleg i vegkryss, og i overgangar
  - Feiing av vegar, spesielt gang- og sykkelvegar
  - Vedlikehald av vegbane, med utbetring av spor, sprekker og dumpar
- B. Ta omsyn til mjuke trafikantar ved varsling av vegarbeid
  - Utarbeide enkle og funksjonelle varslings- og skilrutiner
  - Innføre krav om samordna varslingsrutinar hos private vegentreprenørar
- C. Ta omsyn til mjuke trafikantar ved vintervedlikehald
  - Prioritere brøyting og strøing av gang- og sykkelvegar, særleg barnehage- og skulevegar.
  - Hindre parkering på fortau, gang- og sykkelvegar
  - Innføre krav til byggeigarar, om rydding og strøing av fortau

### 3.4 Haldningsskapande arbeid

Haldningsskapande arbeid vil på lang sikt vere kostnadsreducerande, då det vil medverke til naturleg førebyggjande åtferd.

- A. Informasjon og opplæring til barn og skuleelevar
  - Generell trafikktryggleiksinformasjon
  - Presentasjon av barnehage- og skulevegar
  - Presentasjon av øvrig gang- og sykkelvegnett
- B. Informasjon til vaksne trafikantar
  - Presentasjon av overordna målsettingar for trafikktryggleik
  - Presentasjon av gang- og sykkelvegnettet
  - Innføre bøter/gebyr for køyring/parkering på fortau, gang- og sykkelvegar

### 3.5 Prioriterte tiltak

Førde kommune har som mål å ha ei oppdatert og heildekkande plan, og dermed også inkludere tiltak på fylkes- og riksvegar. Kommunen kan ikkje vedta slike tiltak, men ønskjer å samordne og forankre lokalt trafikktryggleiksarbeid i heile vegnettet. Dette er også av omsyn til finansiering av trafikktryggleikstiltak generelt, og kommunen sin årlege søknad om trafikktryggleiksmidlar.

Følgjande fokusområde er viktige:

#### 1. Gang- og sykkelvegar.

Fotgjengarar og syklistar har større risiko for skadar i trafikken, enn personar i bil. Utviklinga medfører auka trafikk og større aggressivitet i trafikken, og det er viktig å vere i førekant av denne utviklinga. Førde er utpeika til å vere nasjonal sykkelby, i tråd med Førde kommune sin eigen miljø- og klimaplan, og dette forpliktar både fysisk, økonomisk og haldningsmessig.

- Fortau i sentrums- og bustadområde
- Gang- og sykkelvegar
- Planskilte kryss

## 2. Veglys

Veglys reduserer risiko for ulukker, ved å gjere det lettare for trafikantane å oppfatte vegen og omgjevnadene.

- Fortau i sentrums- og bustadområde
- Gang- og sykkelveggar

## 3. Utbetring av vegkryss

Mange eldre vegkryss er uoversiktlege og uheldig utforma, og gir ikkje naudsynleg trygg trafikkstyring.

- Fortau og gangfelt i sentrums- og bustadområde
- Samanknytting av gang- og sykkelvegnett, over/under bilveg

## 4. Fartsdemping

Fartsreduksjon er eit viktig trafikktryggleikstiltak. Det er eit aukande krav at dette skal gjerast ved fysiske tiltak i vegbana – fartsdumpar – då dette synest å vere det einaste måten å oppnå reell fartsreduksjon. Også andre tiltak kan nyttast.

- Opphøgde fortau
- Innsnevring/linjeføring
- Skilt

# 4 Handlingsplan 2013 - 2016

## 4.1 Generelt

Handlingsplanen er delt i to:

- Prioriterte innspel i planperioden
- Uprioriterte innspel

Planen er ei oppsummering av innmelde behov frå innbyggjarar, organisasjonar og verksemder i Førde kommune, i løpet av dei åra vi har hatt trafikktryggleiksplan med i planprogrammet. Gjennomførde tiltak vert tekne ut av planen, og nye lagde til.

Alle innspel vert kvalitetsikra og vurdert i lys av lover, føreskrifter og gjeldande planverk.

I prinsippet skil vi ikkje mellom riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar i denne inndelinga, men i praksis vil tiltak på og langs E 39 få høg prioritert, fordi denne vegen er hovudfartsåre gjennom Førde sentrum.

Prioritering av innspela er gjort med vekt på to vilkår;

- Mjuke trafikkantar
- Skuleveg

## 4.2 Prioriterte innspel i planperioden

Prioritet	Stad	Innspel	Ansvar	Tid	Kostnad
1	Solheimsdalen	Veglys Fv 609 – Karstad skule	Kommunen	2015	900 000
2	Teknisk drift	Anskaffing av mobil fartsmåljar	Kommunen	2015	100 000
3	Runnen	Montere 20 stk veglys	Kommunen	2016	600 000
4	Lyssetting av fotgjengarovergangar	Ut frå dokumentet «Behovskalkyle – utbetring av vegkryss og gangfelt»	Kommunen	2016	400 000
5					
Prioritet					Kostnad
1	E 39 - fv 609 ved Halbrendsbrua	Utbetring av vegkryss E 39 – Fv 609	Vegvesenet		
2	E 39 Busslomme Movika	Utbetring for å hindre trafikkulykke/påkøyrse av gåande	Vegvesenet		
3	E 39 Bruland Bunnpris - Byggmakker	Utbetring for å hindre trafikkulykke/påkøyrse av gåande	Vegvesenet		
4	E 39 Teigen	Lyssetting av gangfelt	Vegvesenet		
5	Fv 609 v/Ulltang	Avstiging frå skulebuss	Vegvesenet		



### 4.3 Uprioriterte innspel:

Prioritet	Stad	Innspel	Ansvar	Kostnad	Merknad
	Slåtten skule	Gangveg(-sti) mellom Vieåsen og Runnen/Tefrevegen	Kommunen		
	Slåttebakkane	Planlegging av sykkelveg Slåttebakkane – Førde Bygg, frå Ekornlia gjennom Bergslia.	Kommunen		
	Holten	Fartsdump v/Holten 5	Kommunen		
	Førde barneskule	Hinder/autovern i Kyrkjevegen mot sandvollyballbana	Kommunen		
	Halbrend barnehage/Flatene	Ny køyrebru mellom Halbrend barnehage og Flatene	Kommunen		
	Flatene	Gangveg E 39 – Flatene skule	Kommunen		
	Gamle Vievegen	Ny tilkomst i aust frå Moldtaksvegen, vegbom	Kommunen		
	Gamle Vievegen	Vegbom for å hindre gjennomkøyring	Kommunen		
	Slåtten skule	Gangveg mellom Vieåsen og Tefrevegen	Kommunen		
	Solsvingen	Utviding av snuplass/rundkøyring ved Haugum barnehage	Kommunen		
	Ringbuss – ruter	Fartshumpar erstatta med fartsputer	Kommunen		
	Sunde	Utbetring og sikring av tilkomstveg til Sunde skule	Kommunen		
	Førde Sentralsjukehus – Hafstad Idrettspark	Ny gang- og sykkelveg	Kommunen		
	Flatene	Utbetre kryss Gamlestøysvegen 14, 15 og 41	Kommunen		
	Flatene	Utbetre snuplass Gamlestøysvegen 32	Kommunen		
	Langebruvegen	Utbetring av fortau Langebrua – Røde Kors-bygget	Kommunen		
	Kyrkjevegen	Fysisk skille mellom bilveg, parkeringsplassar og gangveg	Kommunen		
	Kinna	Snuplass for skulebuss	Kommunen		
	Halbrend	Evaluering av trafikkmønsteret ved Halbren skule/ -barnehage	Kommunen		

Prioritet	Stad	Innspel	Ansvar	Kostnad	Merknad
	Fv 483 Frøysland	Veglys Frøysland skule – Haukedalen kyrkje	Vegvesenet	640 000	
	Fv 481 Angedalsvegen	Rydding av vegetasjon	Vegvesenet		
	Fv 481 Angedalsvegen	Gang- og sykkelveg Førdehuset – Slåtten skule.	Vegvesenet		
	Fv 481 Angedalsvegen	Gatelys gangfelt Slåttereina – Slåtten skule	Vegvesenet		
	Fv 482 Sundsdalen	Fortau Sunde – Masdal	Vegvesenet		
	Fv 609 Steinavegen	Fortau/gangveg Halbrendsbrua – vegkryss til Nedre Fossheim.	Vegvesenet		
	Fv 481 Angedalsvegen	Busstopp ved Skora og Eplehagen bustadfelt	Vegvesenet		
	Fv 481 Angedalsvegen	Utbetre fortau Grovene – Slåtten skule.	Vegvesenet		
	Fv 481 Angedalsvegen	Nedsett fartsgrense Trollegjelet – Angedalen skule.	Vegvesenet		
	Rv 5 Storehagen bru	Nytt gangfelt langs vestre side	Vegvesenet		
	E 39 Farsund – Kusslid – Mo	Ferdigstilling av gang- og sykkelveg	Vegvesenet		
	E 39 Halbrendslia	Gang- og sykkelveg Slåttebakkane - kryss Halbrend skule	Vegvesenet		
	E 39 Halbrendslia	Nedsett fartsgrense 50 km/t, Slåttebakkane - kryss Halbrend skule	Vegvesenet		
	E 39 Sunde	Utbetring og fartsdemping av vegkryss Sundsdalen	Vegvesenet		
	Rv 5 Klettentunnelen	Utbetring og støydemping av fortau/ny gangtunnel	Vegvesenet		
	Rv 5 Hornnesbøen	Opprusting av undergang og gangveg ved kryss Hornnesvegen	Vegvesenet		
	Fv 481 Angedalsvegen	Gatelys Trollegjelet – Angedalen skule.	Vegvesenet		
	Fv 481 Angedalsvegen	Gatelys vegkryss Skora	Vegvesenet		
	Fv 481 Angedalsvegen	Gatelys busstopp Badeplassen ved Solvang	Vegvesenet		
	Fv 484 Vievegen	Nytt fortau på vestsida av vegen, Vie Senter – Viebrua	Vegvesenet		
	Fv 484 Vievegen	Gatelys langs gangbru Fossbrua	Vegvesenet		
	Fv 484 Vievegen	Opphøgd gangfelt ved Vie Senter	Vegvesenet		
	FV 484 Tefrevegen	Gatelys Vievegen – Tefre Ridegard – Ryggjabrua	Vegvesenet		
	FV 484 Tefrevegen	Gangveg Vievegen – Tefre Bru	Vegvesenet		

Fv 609 Solheimsdalen	Veglys ved busstopp kryss Karstad	Vegvesenet		
Fv 483 Frøysland	Autovern to strekningar langs Haukedalsvatnet	Vegvesenet		
Fv 609 Ulltang	Busstopp ved Ulltang byggefelt	Vegvesenet		

## 5. Revisjonar:

### 5.1 Sist revidert

Rev.	Dato	Merknad
A	03.05.13	Endra årstal prioriterte tiltak
B	06.06.13	Etter offentlig utlegging
C	03.03.14	Lagt til status under pkt. 2 for 2013 og 2014
D	30.05.14	Etter offentlig utlegging
E	25.06.14	I samsvar med bystyrevedtak, i sak BY 025/14